



Breivika båthavn

Epost: breivika.bathavn@gmail.com

Web-side: www.breivikabathavn.org

## Møtereferat

Florø  
RAE  
2016-04-14

Til Deltakerne  
Styret i Breivika Båthavn

Kopi

Fra Rune Andreas Eick

Sak **Ekstraordinært Årsmøte ifm nytt kostnadsoverslag Asfaltering**

Møtested Klubbhuset Breivika Båthavn

Dato 2016-04-14

Tid 18:00

Til Stede 14 medlemmer  
6 fullmakter til frammøtte

### Saksliste

1. Utviding av økonomisk fullmakt til Styret i forbindelse med asfaltering i Breivika Båthavn.

Kostnadsoverslaget som låg føre då, var på ca. kr. 220.000.-. I dette kostnadsoverslaget var kun moloa medtatt og areal anslått til ca 1000m<sup>2</sup>. Etter å ha utført GPS oppmåling viser det seg at molo er 1643m<sup>2</sup> og arealet ved klubbhuset ca. 460m<sup>2</sup>.

Når det vart bestemt at vi skal asfaltere heile området, vert kostnadsbildet eit heilt anna. Totalt vil alle kostnader komme opp i ca. kr. 450 000.-. Dette er då prisar som er innhenta frå fleire aktorar i marknaden.



## Referat:

Styreleder opna møtet og det var ingen innvendingar til innkallinga.

- Til Møteleiar blei Einar Jacobsen vald.
- Til Referent blei Rune Andreas Eick vald.
- Til å signere referat blei Sølve Helle og Jarle Jacobsen valde.

Det blei deretter lese opp 6 fullmakter som var gjevne til frammøtte medlemmer. Desse blir vedlagt original referatet, og kan visast på førespurnad.

Bakgrunn for saka blei nøye gjennomgått, og det blei lagt fram skilnaden i tilboda frå dei tre førespurde entreprenørane. Ullaland var klart billegast, 65 000,- til 70 000,- billegare enn dei andre.

1. Styret la fram 2 alternative forslag for å finansiere asfalteringa:

Alternativ 1: Båthavna lånefinansierer kroner 250 000,- nok i Sparebanken Sogn & Fjordane, og finansierer resten, 200 000,- nok, frå egne midlar. Totalt 450 000,- nok. Styret får fullmakt til å innhente lånetilbod og akseptere vilkåra i dette, samt signere lånedokument og pantdokument.

Alternativ 2: Medlemmene skyt inn ekstra innskot på cirka 2 100,- nok, justert etter båt plass størrelse, og Båthavna finansierer resten, 200 000,- nok, frå egne midlar.

I begge tilfeller, aukar ein båt plass verdien med verdien av investeringa, justert etter størrelse.

Styret tilrådte vedtak på alternativ 1. Dette blei einstemmig vedteke av årsmøtet.

Dato / Signatur Sølve Helle

Dato / Signatur Jarle Jacobsen